



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 73

Navnet på vatnet Byrkjelandsvatnet
Kommune Vindafjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

B Y R K J E L A N D S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 29. aug. 1973.

Vatnet ligg i Vindafjerd kommune, nærmere stadfest i Imsland, og grensar i nord-aust mot riksvegen til Sauda.

Arealst er emlag 28 ha. og h.e.h. 128 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, med det er grunn til å tru at det er ganske djupt utover, men med store meir grunnlendte partier nær land.

Stranda består fer ein ster del av dyrka mark og stein, men med nokre fin sandstrand på sersida.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, fletgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter og skogsmark.

Her veks ein del natur- og kulturskog.

Hovudtilsiget fell inn i nord-vest og bortsett frå dette fall der inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i aust og går til Ølmedalsvatnet.

Dei kjemiske tilhsva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul, som indikerar eit eutref eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 6.6 som er ideelt fer aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.3 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som neke kalkfattig, men likevel bra om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 43.8 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennemstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke betnprever på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 fåberstemark og 3 fjærmygglarver tilsvarende 6e individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 22 fjærmygglarver, 3 muslingar og 1 stikkmygglarve - i alt 26e individ pr. m^2 .

På 10.0 m vart det funne 12 muslingar, 3e fjærmygglarver og 1 fåberstemark eller samla 43e individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er heller lite med næringsdyr i vatnet, men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Før å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tek vi mageprøver av 3 fiskar. Det vart her funne plankten (Bythotrephes, Linsekreps), mygg, muslingar, degnflugelarver, vårflugelarver, planter m/mesedyr, grashepper og fjærmygg. Ein ganske allsidig meny.

Planktenprøver.


Det vart teke eit horizontaltrekk på 5e m og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktenhev, og resultatet av begge prøvene må karakteriseraast som rike.

Fisk m.v.


Fiskeлага utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskesterleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart akkurat 100 aurar.

Fordeler vi heile fangsten på emfara vil ei grafisk framstilling sjå ut som synt nedanfor.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 10 røde, 15 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet.

Av desse var det 30 hanfiskar og 6 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

50 % av prøgefiskane var gytefisk og 50 % gjellfisk. Gyteprosenten er såleis høg.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøgefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedenfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	5,0	10,5	15,7	20,6	24,7	26,7	28,0
Åreleg lengdetilv. i cm	5,0	5,5	5,2	4,9	4,1	2,0	1,3
Antall fiskar	26	26	26	24	21	4	2

Medel kondissjonsfaktor = 1,06 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Byrkjelandsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Sem vi her vil sjå, syner fisken i Byrkjelandsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 5 års alder, men her blir normalkurven kryssa.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Det er grunn til å tru at der vil finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar" men der er neppe mange av desse.

Kenklusjen.

Ut frå dei føretakne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Dei kjemiske tilhøva i vatnet er mykje gode, så når betnprøvene ikkje gav eit rikare resultat, kjem det av det sterke fiskebestandet som går og beitar.

Planktonprøvene var også rike og omfarferdelinga fortel om ei god fordeling av fisk av ymse sterleikar og årgangar.

Cm-klasseinndelinga syner at fisk av ca. 24 cm lengde deminerar. Ser vi på vekstkurven er denne godt, men den kunne også ha vere betre. Når tilhøva for fiskeproduksjon er så gode i Byrkjelandsvatnet kjem det av all den syrka marka og kulturbetene i nedslagsfeltet.

Tilsiga herfrå vil føre mange verdfulle næringsstoff med seg og som vil kema vatnet tilgode. Dette gir seg utslag i ein fredig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankten som er sjelv næringssgrunnlaget i eit vatn.

Fisken i Byrkjelandsvatnet er i dag av mykje godt kvalitet og ein skal leita lenge før ein finn eit vatn med jamtever betre fiskebestand. Likevel skulle vi tro, at om ein i åra framover dreiv eit litt hardare fiske enn det som har verte praktisert inntil nå, ville ein kunnaopnå neke betre vekst og likeeins auka sterleiken på fisken. Det ser ut som om næringssyra er hardt skatta og gytepresentsen er høg. Gyttetilhøva er gode i hevudtilsигet, men det er også andre bekker som fisken gyt i. Så lenge ikkje tilsigsbekkene blir ferurensa, skulle rekrutteringa vera sikra.

Fåren med vatn av dette slaget er nettepp ferurensing og overgjødsling. Då gjennomstresyminga er liten, vil det fylgjeleg ta lang tid før vatnet blir utskifta. Ein får med andre ord mykje stilleståande vatn som ved rik tilgang på næringsstoff kan bli overgjødsla. Vi berre nevner dette, utan at der er neken ting i dag som tyder på ei slik utvikling.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Då vatnet ligg særslagleg til, og i

tillegg kan by på ypperlig fisk, er det ingen tvil om at grunneigarane reint skenemisk vil kunne gjera mykje ut av dette vatnet. Ein båt fer utleige kunne egså grunneigarlaget hatt. Fiskinga må halde fram i emlag same omfang som tidlegare. Skulle det syne seg at fiskebestandet blir for stort er dette lett å retta på ved montering av ruser på gytebekkene. Førebels er ikkje dette naudsynleg. Blir grunneigarlaget samde om å driva vatnet som eit fritidsvatn kan godt fiskebestandet vera nekså tett. Byrkjelandsvatnet er litt av ei perle, så det var ynskjeleg om sal av fiskekert kunne kema i gang frå våren av, slik at flest mogeleg kunne få prøve fiskelukka nettopp i dette vatnet. Underskrivne vil vera hjelpesam med å skipe til grunneigarlaget, vedtekter, fiskekert m.v. om det er av interesse.

Stavanger 28. november 1973

Einar Berg